



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/18	Skule- og kulturutval	30.01.2018

### Vedtekter for SFO i Stryn kommune 2018

#### Bakgrunn for saka:

Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga vart vedtekne i KS-026/15. Leksehjelpa ligg utanom ordinær skuletid (SK 004/15), og det er utarbeidd nye forskrifter for SFO, gjeldande frå 01.08.2018. Kommunestyret vedtok på møte 19.12.2017(KS-117/17) at det skal gjevast søskenmoderasjon på SFO. Det politiske vedtaket om søskenmoderasjon er lagt inn i dei nye forskriftene. Det er nytta same moderasjonsordning som for kommunale barnehagar.

Fram til no har tilbodet om SFO har vore eit tilbod for alle elevar på barnetrinnet. I dei nye forskriftene er foreslått at SFO-tilbodet i utgangspunktet skal gjelde elevar i 1. – 4.klasse.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) §§ 13-7 og 10-9
- Forskrift til Opplæringslova § 12-1

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Vedtekter for skulefritidsordninga i Stryn kommune (KS 26/15)
- KUF, rundskriv F-23-99 "Delegering av mynde etter opplæringslova til statens utdanningskontor"
- Stillinginstruks for tilsette i barnehage, skulefri og skule. Kommunalt tariffområde.
- Forskrift om foreldrebetaling i skulefritidsordning frå 01.01.2018 (KS-108/17)

#### Saksopplysningar:

Opplæringslova §13-7:

*Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1. – 4. klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. klassetrinn.*

*Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.*

*Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.*

*Skulefritidsordninga skal ha vedtekter om*

- a. *eigarforhold*

- b. *kven som er opptaksmyndigheit*
- c. *opptakskriterium*
- d. *opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen*
- e. *foreldrebetaling*
- f. *leike- og opphaldsareal*
- g. *dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. *bemannig og leiing.*

*Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.*

*Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.*

*For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.*

*Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.*

*Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.*

Kapittel12 i *Forskrift til Opplæringslova* omtalar tryggleiken til elevane.

Det er utarbeida stillingsinstruks for dei tilsette i skulefritidsordninga.

Frå 01.01.2009 har tilbodet om SFO har vore tilgjengeleg for alle elevar på barnetrinnet. Det er svært få/ingen elevar i 5. – 7. klasse som nyttar seg av SFO. I dei nye vedtektene er tilbodet om SFO-ordning for 5. – 7. klasse foreslått tatt bort.

#### **Vurdering:**

Frå opptaket hausten 2012, har alle foreldre kunne søkt ny plass ved å nytte elektronisk søkjeskjema på Stryn kommune si heimeside.

I vedtektene for Stryn kommune (KS-026/15), var tilbodet om SFO ope for alle elevar i 1. – 7. klasse. Dette vart gjort i håp om at fleire skular kom over grensa på 10 deltakarar og kunne opprette SFO ved skulen. Det er svært få/ingen elevar i 5. – 7. klasse som har nytta seg av det ordinære tilbodet om SFO. Det har ikkje gjeve den effekta ein såleis håpte på.

I Opplæringslova §13-7 heiter det:

*Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1. – 4.*

*klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. klassetrinn.*

Og vidare i ein merknad frå Ot.prp nr.60 (1997-98): *Vedr.plikten til å ha tilbod om skolefritidstilbud:*

*....Etter forslaget er kommunene ikke pålagt å ha et bestemt antall plasser, og heller ikke plikt til å ha tilbud ved mer enn èn av skolene i kommunen.*

Med utgangspunkt i dette ser ein det ikkje som tenleg å vidareføre det «utvida» tilbodet til elevgruppa i 5. – 7.klasse.. Barn med *særskilte behov* i 5. – 7. klasse vil framleis kunne søkje om og ha rett til plass på SFO.

Det lågaste tal deltakarar vel vi framleis å la vere ti elevar for å opprette/oppretthalde SFO-tilbodet ved ein skule.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Stryn kommune, gjeldande frå 1.august 2018:

##### **1. LOV OG REGELVERK**

Skulefritidsordninga vert driven i samsvar med Opplæringslova § 13.7 med forskrifter, kommunale vedtak og gjeldande plan.

##### **2. EIGARTILHØVE**

Skulefritidsordningane lokaliserte til grunnskulane i Stryn kommune, er kommunale. Stryn kommune

er eigar. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

### **3. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR**

Sektorutvalet for skule og kultur har det overordna faglege og administrative ansvaret.

### **4. FØREMÅL**

Skulefritidsordninga (SFO) i Stryn kommune er eit frivillig fritids- og omsorgstilbod utanom den obligatoriske skuletida for elevar i 1.- 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 5. – 7. klasse. SFO skal vere ein arena for læring og utvikling.

### **5. ETABLERING AV SFO-TILBOD**

Det skal vere minimum 10 deltakarar for å opprette/oppretthalde skulefritidsordning ved ein skule.

### **6. INNHOLD OG AKTIVITETAR**

Skulefritidsordninga skal legge til rette for varierte leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal ha gode utviklingsvilkår.

Det skal utarbeidast årsplan for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

### **7. RUTINAR VED OPPTAK**

Elevar i 1.- 4. klasse har rett på plass i SFO. Opplysningar om ordninga og informasjon om elektronisk søknadsskjema, skal kunngjerast på heimesida til kommunen og i lokalavisa. Søknadsfristen er normalt 1. mars kvart år.

Dersom ein skulekrins manglar skulefritidstilbod, kan foreldre søkje om plass i ein av dei andre krinsane. Dette kan og vere aktuelt i høve skulefri dag for 1. og 2.årstrinn (onsdag) og opphald i feriar.

### **8. OPPTAKSPERIODE, PÅMELDING OG OPPSEIING AV Plass**

Skuleåret (38 veker) er opptaksperioden. Hovudopptaket gjeld frå skulestart og ut skuleåret. Opptak elles i skuleåret gjeld ut skuleåret.

Påmelding skjer ved å nytte elektronisk søknadsskjema på Stryn kommune si heimeside:

[www.stryn.kommune.no](http://www.stryn.kommune.no)

Skulen administrerer sjølv opptak og oppseiing av elevar i SFO. Ajourført registrering av elevane er grunnlag for månadleg krav om foreldrebetaling (jf. pkt. 9).

Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg og direkte til rektor/dagleg leiar.

Oppseiingstida gjeld frå oppseiingsdato og påfølgande månad. Betaling i oppseiingstida gjeld sjølv om barnet sluttar før.

### **9. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID**

Den daglege opphaldstida skal ligge innafor tidsramma 07.30 – 16.30, måndag til fredag.

Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan justere desse tidene.

Årleg opningstid følgjer skuleåret. Dersom min 10 elevar melder seg på, kan ein etter avtale med skulen, halde opne SFO-avdelingar når elevane har fri. Unnateke er to kursdagar for dei tilsette i haustferien. Ein nyttar då betalingsssatsar etter pkt.5 i forskrifta: «*Enkle heile dagar / Enkle halve dagar*»

### **10. FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset betalingsssatsar. Betalingsssatsane vert vedtekne i kommunestyret i desember kvart år. Foreldrebetaling vert kravd i 10 månader per år. Betaling skjer til økonomiavdelinga i Stryn kommune per 15. kvar månad, frå og med august til og med juni. I august og juni vert det fakturert for halve månaden.

Dersom foreldrebetalinga har stått til forfall i ein måned etter første betalingsvarsel, vert barnet oppsagt frå plassen. Oppseiingstida er ein måned frå den dato oppseiinga er sendt. Sektorutvalet for skule og kultur kan i særskilde høve fråvike reglane etter søknad. Den enkelte SFO-ordning kan krevje betaling ved sein henting av barn.

### **11. BEMANNING OG LEIING**

Bemanning i skulefritidsordninga vert fastsett etter denne norma:

14 eller færre born	1	tilsett
15 - 17 born	1,25	tilsette
18 - 20 born	1,50	tilsette
21 - 23 born	1,75	tilsette
24 - 27 born	2	tilsette

### **12. Skular utan dagleg leiar for SFO-ordninga:**

Skulefritidsordninga er administrativt lagt under rektor ved skulen. Rektor har administrativt og fagleg ansvar, samt arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i ordninga.

Ved skular der det ikkje er stilling som dagleg leiar, vert det sett av tid til administrasjon av skulefritidsordninga etter følgjande modell:

15 - 25 born:	5 t/v
10 - 14 born:	3 t/v

### **Skular med dagleg leiar for SFO-ordninga:**

Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta.

### **13. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Areala både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Arealet per barn inne skal vere minst 4 m<sup>2</sup>, og minst 6 gonger større ute. Areala inne og ute skal vere tilpassa dei aktivitetane som vert drivne.

### **Skule- og kulturutval 30.01.2018:**

#### **Handsaming:**

Felles endringsframlegg frå utvalet:

#### **Pkt. 4: Føremål**

Skulefritidsordninga (SFO) i Stryn kommune er eit frivillig fritids- og omsorgstilbod utanom den obligatoriske skuletida for elevar 1. - 7. klasse.

#### **Pkt. 5: Etablering av SFO-tilbod**

Oppretting av tilbod ved den einskilde skule skjer i høve til talet på søkjarar. Det skal vere minimum 10 deltakarar for å opprette/oppretthalde skulefritidsordning ved skulen.

Vert det gjeve dispensasjon og oppretta SFO-tilbod for færre enn 10 deltakarar, for eksempel i kombinasjon med barnehage, kan administrasjonsressursen reduserast/takast bort.

Rådmannen sitt framlegg med utvalet sitt endringsframlegg samrøystes vedteke.

### **SK- 003/18 Vedtak:**

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Stryn kommune, gjeldande frå 1.august 2018:

## **1. LOV OG REGELVERK**

Skulefritidsordninga vert driven i samsvar med Opplæringslova § 13.7 med forskrifter, kommunale vedtak og gjeldande plan.

## **2. EIGARTILHØVE**

Skulefritidsordningane lokaliserte til grunnskulane i Stryn kommune, er kommunale. Stryn kommune er eigar. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

## **3. FAGLEG OG ADMINISTRATIVT ANSVAR**

Sektorutvalet for skule og kultur har det overordna faglege og administrative ansvaret.

## **4. FØREMÅL**

Skulefritidsordninga (SFO) i Stryn kommune er eit frivillig fritids- og omsorgstilbod utanom den obligatoriske skuletida for elevar 1. - 7. klasse.

## **5. ETABLERING AV SFO-TILBOD**

Oppretting av tilbod ved den einstilte skule skjer i høve til talet på søkjarar. Det skal vere minimum 10 deltakarar for å opprette/oppretthalde skulefritidsordning ved skulen.

Vert det gjeve dispensasjon og oppretta SFO-tilbod for færre enn 10 deltakarar, for eksempel i kombinasjon med barnehage, kan administrasjonsressursen reduserast/takast bort.

## **6. INNHOLD OG AKTIVITETAR**

Skulefritidsordninga skal legge til rette for varierte leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal ha gode utviklingsvilkår.

Det skal utarbeidast årsplan for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

## **7. RUTINAR VED OPPTAK**

Elevar i 1.- 4. klasse har rett på plass i SFO. Opplysningar om ordninga og informasjon om elektronisk søknadsskjema, skal kunngjerast på heimesida til kommunen og i lokalavisa. Søknadsfristen er normalt 1. mars kvart år.

Dersom ein skulekrins manglar skulefritidstilbod, kan foreldre søkje om plass i ein av dei andre krinsane. Dette kan og vere aktuelt i høve skulefri dag for 1. og 2.årstrinn (onsdag) og opphald i feriar.

## **8. OPPTAKSPERIODE, PÅMELDING OG OPPSEIING AV Plass**

Skuleåret (38 veker) er opptaksperioden. Hovudopptaket gjeld frå skulestart og ut skuleåret. Opptak elles i skuleåret gjeld ut skuleåret.

Påmelding skjer ved å nytte elektronisk søknadsskjema på Stryn kommune si heimeside:

[www.stryn.kommune.no](http://www.stryn.kommune.no)

Skulen administrerer sjølv opptak og oppseiing av elevar i SFO. Ajourført registrering av elevane er grunnlag for månadleg krav om foreldrebetaling (jf. pkt. 9).

Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg og direkte til rektor/dagleg leiar.

Oppseiingstida gjeld frå oppseiingsdato og påfølgande månad. Betaling i oppseiingstida gjeld sjølv om barnet sluttar før.

## **9. DAGLEG OPPHALDSTID OG ÅRLEG OPNINGSTID**

Den daglege opphaldstida skal ligge innafor tidsramma 07.30 – 16.30, måndag til fredag.

Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan justere desse tidene.

Årleg opningstid følgjer skuleåret. Dersom min 10 elevar melder seg på, kan ein etter avtale med

skulen, halde opne SFO-avdelingar når elevane har fri. Unnateke er to kursdagar for dei tilsette i haustferien. Ein nyttar då betalingsattsar etter pkt.5 i forskrifta: «*Enkle heile dagar / Enkle halve dagar*»

#### **10. FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset betalingsattsar. Betalingsattsane vert vedtekne i kommunestyret i desember kvart år. Foreldrebetaling vert kravd i 10 månader per år. Betaling skjer til økonomiavdelinga i Stryn kommune per 15. kvar månad, frå og med august til og med juni. I august og juni vert det fakturert for halve månaden.

Dersom foreldrebetalinga har stått til forfall i ein månad etter første betalingsvarsel, vert barnet oppsagt frå plassen. Oppseiingstida er ein månad frå den dato oppseiinga er sendt. Sektorutvalet for skule og kultur kan i særskilde høve fråvike reglane etter søknad.

Den enkelte SFO-ordning kan krevje betaling ved sein henting av barn.

#### **11. BEMANNING OG LEIING**

Bemanning i skulefritidsordninga vert fastsett etter denne norma:

14 eller færre born	1	tilsett
15 - 17 born	1,25	tilsette
18 - 20 born	1,50	tilsette
21 - 23 born	1,75	tilsette
24 - 27 born	2	tilsette

#### **12. Skular utan dagleg leiar for SFO-ordninga:**

Skulefritidsordninga er administrativt lagt under rektor ved skulen. Rektor har administrativt og fagleg ansvar, samt arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i ordninga.

Ved skular der det ikkje er stilling som dagleg leiar, vert det sett av tid til administrasjon av skulefritidsordninga etter følgjande modell:

15 - 25 born:	5 t/v
10 - 14 born:	3 t/v

#### **Skular med dagleg leiar for SFO-ordninga:**

Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta.

#### **13. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Areala både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Arealet per barn inne skal vere minst 4 m<sup>2</sup>, og minst 6 gonger større ute. Areala inne og ute skal vere tilpassa dei aktivitetane som vert drivne.